



Alver kommune Plan og byggesak  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: 72eb2e11-1c12-4a30-b158-  
810ef739c567

Vår: 23/3635 - 23/60867

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen

irene.wilhelmsen@alver.kommune.no

Dato:

02.08.2023

## Uttale VEG - i samband med revidert søknad om dispensasjon for etablering av overflateparkering i Knarvik sentrum - gbnr 188/385 Gjervik ytre

Eigedomsforvaltning, ved avdeling vegforvaltning, har fått revidert søknad om dispensasjon for overflateparkering i Knarvik sentrum til uttale.

I søknaden er det søkt om midlertidig parkering på eige areal innanfor føresegningsområdet #12, avsett til midlertidig riggområde i plan . Dette for å kunne oppretthalde dagens innfartsparkering på Statens vegvesen sin eigedom som er tenkt nytta til riggområde i byggeperioden for gbnr 188/137 m.fl..

Ein slik midlertidig dispensasjon vil i dette tilfellet kunne bli permanent då varighet for tiltaket er over 2 år. Det kjem fram i søknaden at dersom denne midlertidige parkeringen vert dispensert, vil det bli søkt om redusert parkeringsdekning i kjellar på omsøkt bygg på BS8 og at reduksjon vil bli tatt inn i eit evt. framtidig bygg på føresegningsområdet #12 på BS7.

Det ligg ved teikningar til dispensasjonen som i faser viser adkomst og tal parkeringsplassar.

I fyrste fase er det tenkt adkomst via dagens avkørsle til Lyngvegen. Fase 2 viser når Lyngvegen og Bruvegen vert stengt at det er planlagt midlertidig adkomst frå Bruvegen like etter rundkøyringa på E39. I tredje og siste fase skal adkomst til parkeringsplassen gå via nye Lyngvegen som skal vere einvegskøyrt. Det står ikkje skildra i søknaden at o\_SKV9 er etablert og tatt i bruk når fase 3 for adkomst til parkering vert tatt i bruk og Bruvegen er opna for trafikk.

Den midlertidige avkørsla til parkeringsarealet i fase 2 må vere fjerna, Lyngvegen skal vere einvegskøyrt og o\_SKV9 må vere opna for trafikk i fase 3.

Med omsyn til at det allereie i dag er låg parkeringsdekning i Knarvik og usikkerheit rundt kor tid føresegningsområdet #12 på BS7 vert oppheva, vil overflateparkering på BS7 vere eit alternativ til midlertidig utnytting av arealet. Med tanke på trafikktryggleik er det svært positivt at arealet det vert søkt disp for er tenkt nytta til innfartsparkering i anleggsfasen. Dette for å unngå omkøyring til dagens parkering via bustadområde, FELT B Knarvik, når Bruvegen og Lyngvegen må vere stengt.

Vegavdelinga er likevel skeptisk til at parkeringsdekning under BS8 vert redusert. Med tanke på at begge overflateparkeringane innanfor BS7 vil forsvinne om området skal nyttast som riggområde i framtida vil det få uheldige konsekvensar. Det er viktig at talet på parkeringsplassar i ein slik riggperiode er tilstrekkelig. Då det ikkje er tilgang på andre areal i sentrum vil det vere ein fordel at parkeringsdekning over 2 plan på BS8 vert

opprethaldt. Det er planlagt større forretningsaktivitet i Knarvik enn i dag i samband med dei ulike utbyggingane sør for E39 og det krev parkeringsdekning om ein ynskjer tilreisande kundar.

**Konklusjon:**

Vegforvaltning meiner det kan vere positivt å opprette midlertidig innfartsparkering på omsøkt areal i annleggsfasen.

Fasane for adkomst til midlertidig parkering må skildrast nærmare, særleg med tanke på om o\_SKV9 er opna for trafikk i fase 3 når stenging av Bruvegen og ny einvegskøyrt Lyngvegen vert opna for trafikk.

Det bør ikkje bli redusert parkeringsdekning frå 2 til 1 plan parkering på BS8 då det vil redusere parkeringsdekning i Knarvik under ein evt. riggperiode på BS7, #12.

Det må setjast krav om at kulvert under Lyngvegen vert etablert for framtidig adkomst til parkeringskjellar under BS7, #12.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-  
forvaltning

Torkjell Holm Brenna  
Avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alver kommune Plan og byggesak      Postboks 4      5906      FREKHAUG